RENOVEST

# Protokoll

| *Organ* | *Møtedato* | *Vedtak- sak nr.* | *Tidl. Sak* | *O-sak nr.* | *Ark.* |
|---|---|---|---|---|---|
| Styre | 28.04.2021 | 07 - 11 / 2021 | | | |
| Representantskap | | | | | |

| | |
|---|---|
| Møtt | Brunkeberg: Åge Verpe (Vinje)<br>Teams: Torunn Raftevold Rue (Seljord), Pernille Margrete Sørdal (Tokke), Olav Kjetil Greivstad (Kviteseid), Kjersti Bergland (Fyresdal) |
| Forfall | Egil Jøsendal (Kviteseid) – mld. Epost 20.04.21 |
| *Sak 07/2021* | **Sak 07/2021 Strategiplan**<br>Utkast til ny / endra Strategiplan 2021-25 er den 14.04.21 sendt styremedlemene for nærare uttale. |
| *Framlegg til vedtak* | **Sak 07/2021 Strategiplan**<br>Styret gjer vedtak. |
| *Det er ikkje fatte konkret vedtak i saka – førehaldet kring «Strategi-planen» vil i dei neste styremøta bli sett på «kartet» inntil ferdigstilling føreligg* | **Sak 07/2021 Strategiplan**<br>Styret meiner det bør engasjerast fagpersonar til utarbeiding av planen på følgjande / dei fleste områder:<br>o Innhald / tekst / layout<br>o kommunikasjon ( kva «platformer» skal bodskapen sendast ut på/over)<br>o oppgradere «Klimarekneskapen» - m.a. basera på nedstraumsanalysar<br>- til styremøter vil ein leige konsultativ hjelp til område for område; t.d. nemnde fyrstepunkt «innhald / tekst / layout» i fyrstkomande styremøte, osb. |
| *Sak 08/2021* | **Sak 08/2021 – kvar tek avfallet vegen (nedstraumsanalysar)**<br>Med ref. til vedtak i sak 03/2021 – pkt. a. utarbeidast det ein komplett oversikt over kvar avfallet som samlast inn «tek vegen»<br>Oversikten fylgjer vedlagt møteboka som eige dokument, mrk. Sak 08/2021 |
| *Framlegg til vedtak* | **Sak 08/2021 – kvar tek avfallet vegen (nedstraumsanalysar)**<br>Styret gjer vedtak. |
| *Vedtak* | **Sak 08/2021 – kvar tek avfallet vegen (nedstraumsanalysar)**<br>Komplettera oversikt – nedstraumsanalyser for alle fraksjonar er komplett, med unntak av slutthandsamingsdestinasjonar for organisk avfall(matavfll) og metall.<br>Komlett nedstraumsanalyse/-oversikt dannar delgrunnlag for klimarekneskapen. |

| | |
|---|---|
| *Sak 09/2021* | **Sak 09/2021 – innsamling plast (utover basisavtale GPN «Kommuneavtale»)**<br>Med ref. til vedtak i sak 03/2021 – pkt. b. leveranseavtale plast, kan vi på vilkår etablere «Næringsavtale» med Grønt Punkt Norge /Plastretur AS<br>Utkast til slik avtale følgjer vedlagt møteboka som eige vedlegg, og styret i fellesskap med administrasjonen tek standpunkt til om Renovest IKS skal inngå slik avtale. |
| *Framlegg til vedtak* | **Sak 09/2021 – innsamling plast (utover basisavtale GPN «Kommuneavtale»)**<br>Styret gjer vedtak |
| *Vedtak* | **Sak 09/2021 – innsamling plast (utover basisavtale GPN «Kommuneavtale»)**<br>Det skal gjerast ein grundigare «marknadssjekk», dette med tanke om å levera hardplast og landbruksplast til felles mottak. |
| *Sak 10/2021* | **Sak 10/2021 - Vegar – framkomlegheit for henting av avfall**<br>Med ref. til vedtak i sak 04/2021 – administrasjonen blir gjeve i oppgåve å undersøkje korleis «vegproblematikken» løysast i andre og tilsvarande kommunar i Norge.<br>I vedlegg merka Sak 10/2021 - Vegar – framkomlegheit for henting av avfall er resultat av nemnde undersøkjing skildra. |
| *Framlegg til vedtak* | **Sak 10/2021 - Vegar – framkomlegheit for henting av avfall**<br>Styret gjer vedtak |
| *Vedtak* | **Sak 10/2021 - Vegar – framkomlegheit for henting av avfall**<br>Styret tek resultatet av undersøkjing «Vegar – framkommelegheit for henting av avfall» til vitanda.<br>Administrasjonen kjem attende med oppdatera plan for kva som må/bør gjerast med aktuelle problemfylte vegar innan sept.-/okt.mnd. -21<br>Ein bør førebu omarbeiding/endring av lokal føresegn spes. med omsyn til veg-/ kjøyreproblematikk.<br>Styret meiner og at dette førehaldet bør inn som eit særpunkt i stategiplan 2021-25. |
| *Sak 11/2021* | ***Sak 11/2021 Eventuelt***<br>1. Endeleg er datoen for Årskonferansen sett! Hald av **9. juni 2021** for årets høgdepunkt i vår arrangementsportefølje – Avfall Norge<br>Årskonferansen tar form<br>Nå begynner programmet for Årskonferansen å ta form! Vi oppdaterer nettsidene fortløpende, så nå finner du tre av årets fire paralleller og en del av innlederne som skal bidra. Vi lover både kjentfolk og nye fjes! Husk også å ta en titt på grupperabattene som gjør det enkelt og rimelig å delta med mange ansatte.<br>Ellers har Arbeiderpartiet hatt landsmøte i helgen og vedtatt nytt partiprogram. Her er det mange punkter som sammenfaller med punkter i det næringspolitiske programmet vårt og som kan bidra til bedre rammevilkår for bransjen og nye arbeidsplasser fremover. Tommel opp fra oss med andre ord!<br>*Hilsen oss i Avfall Norge* |

RENOVEST

| | |
|---|---|
| *Til orientering* | ***Sak 11/2021 Eventuelt***<br>Styret ønskjer å ta del i AvfallNorge sin digitale *Årskonferanse 2021*<br><br>Om konferansen *(dette seier AvfallNorge om årets konferanse)*:<br>*Avfall Norges Årskonferanse samler hele den norske gjenvinningsbransjen og deres interessenter til kunnskapsdeling, nettverksbygging og utstilling på tvers av verdikjeder, bransjer og geografi. Konferansen har vært avholdt siden 1992 og har de siste årene samlet rundt 1000 deltakere. I 2021 skal konferansen avholdes digitalt for første gang.*<br><br>*I 2021 har konferansen navnet* ***"Gjenvinnerne – vi kaster ikke bort fremtiden"*** *og setter søkelyset på hvordan gjenvinningsbransjen og resirkulerte råvarer spiller en avgjørende rolle for en bærekraftig fremtid.*<br><br>Billetter, stad, dag og tid:<br>Billetter:<br>Det blir bestilt «styrebilletter» / uavhengig av tal deltakarar (sjå www.avfallnorge.no)<br>Stad:<br>Morgedal hotell<br>Dag og tid: onsdag 09.06.21 – kl. 10.00<br>Konferansestart: kl. 11.00<br>Lunch: kl. 12.00 – 12.45<br>Middag: kl. 15.30<br>Program: sjå www.avfallnorge.no<br><br>Innkalling:<br>Eigen innkalling blir sendt |

Styresamling - styremedlem + vararepresentantar får tilbod om å delta på digital årskonferanse AvfallNorge 09.06.21
Neste ordinære styremøte (etter vedteken plan): onsdag den 15. sept. 2021

*Kviteseid, den 28.04.2021*

Åge Verpe
Styreleiar

Torunn Raftevold Rue
Nestleiar

Pernille Margrete Sørdal
Styremedlem

Olav Kjetil Greivstad
Varamedlem

Kjersti Bergland
Styremedlem

Toralf Orekåsa
Sekretær / dagleg leiar